LINDÅS KOMMUNE

Områdeplan for Knarvik sentrum

Plan ID 1263 - 201002

Vedlegg B:

Grøne punkt

Dato: 03.06.2014

Vedteken av kommunestyret 18.06.2015, sak 59/15

asplan viak

Grøne punkt

KVA ER GRØNE PUNKT?

Sentrumsplanen for Knarvik legg til rette for ein tett bygdeby**.** Knarvik kommune har som intensjon å skape ein blå-grøn by som koplar utviklinga opp mot sjø og natur. Som ein del av strategien for å oppnå dette, er det utarbeida ei liste med grøne punkt.

Grøne punkt skal sikre biologisk mangfald, vestlandsk særpreg, lokal identitet og «annleisheit». Fokus på biologisk mangfald er med på å gjere området spesielt og dei einskilde prosjekta unike i forhold til kvarandre. Det vil bidra til å auka attraksjonsverdien og gjere den blå-grøne satsinga i Knarvik synleg for både besøkande og bebuarar.

PLUKKLISTE

Punkta skal inspirere og vere ei støtte for program og konseptutvikling under utforming av kvartala – og tomtenes uteområde. Dei skal skapa eit rikt og variert miljø med uterom som legg til rette for at plante- og dyreliv kan etablerast/bevaras i området . Et morosamt, interessant og viktig bidrag til stadens miljø og karakter.

Grøne punkt er meint som ei plukkliste, men lista er ikkje uttømmande, og det er mogeleg å utvikle og legge til eigne punkt utover dei som er lista opp her. Desse skal beviselig vere utvikla av biolog med kjennskap til stadens kultur- og naturhistorie. Lista skal vere eit tillegg til, og ikkje øydelegge for, andre mogelegheiter.

UTBYGGARS BEVISBYRDE

Alle gardeigarar (definert som utviklarar/eigarar av dei einskilde felta i områdereguleringa) skal etablera minimum 10 punkter frå denne lista, eller introdusere eigne punkt (utarbeida av biolog, og presentert i samband med utomhusplan i byggesak). Ein får eitt poeng for kvart punkt som etableras. Fleire poeng kan oppnåast for eit enkelt tiltak (t.d. pkt 23 lyngbed - pkt x stadeigen - pkt x ingen grasplen = 3 poeng, pkt 4 kulturvekstsorter - pkt 8 bærbuskar = 2 poeng)

Mat, vekst og jordbruk

1. Alle veggar som er egna er kledd med klatrevekster
2. Alle plantar på tomten kan på eit eller anna vis nyttas i hushaldet
3. På gardsplass eller i tilknyting til bustad finnes det 2 m2 drivhus pr 5 bustad
4. Det finnes minimum 2 ulike historiske kulturvekstsorter av frukt og/eller bær for kvar 100m2 i gardsrommet
5. Heile gardsrommet (med unntak av ganglinjer og åtkomst)nyttas til grønsak-, frukt- og bærproduksjon
6. Kompostering av alt biologisk nedbrytbart avfall i gardsrommet til gjenbruk i gardsrommet
7. Minimum 2 m2 fast dyrkingsplass på altan eller blomsterkasse per bustad utan eige utearel på bakken
8. Alle trær er frukttrær
9. Alle buskar er bærbuskar
10. Halve gardsrommet byggas opp som matskog (permakultur)
11. Mogelegheit for ein (1) bikube (kan plasseras på tak) per oppgang i gardsrom (sjå Bybi.no)

Biologisk mangfald

12. Ein fuglekasse per bustad
13. Eit oppført insekthotell for spesifisert art per 100 m2 gardsrom
14. Flaggermuskasse (må kombineras med punkter om insekt og/eller vatn)
15. Alle vekstar er utvalt som nektargivande og fungerer som «sommerfuglrestaurant»
16. Av gardsrommets trær og busker finnes høgst fem typar av same art
17. Gardsrommet er grønt, men har ingen grasplen
18. Det finnes froske-(padde)hotell i garden med mogelegheit for overvintring
19. Det finnes salamanderhotell med mogelegheit for overvintring
20. Det finnes mat for fuglar året rundt
21. Utvikling av tomten foretast i samarbeid med økologisk ekspertise

Stadeigne artar

22. Ingen svartelista planter er brukt i anlegget
23. Opparbeida lyngbed av følgjande arter: røsslyng, klokkelyng, kvitlyng, purpurlyng, krekling, blåbær, tyttebær. Plantearealet utgjer minimum 5% av gardsrom
24. Alle plantar i gardsrom er stadegne for vestlandsk kystlandskap
25. Alle trær (minimum 3 artar, minimum 5 trær) er stadegne edelløvskogarter, med tilhøyrande bakkeflora (ramsløk, myske, sanikkel etc)
26. Etablering av ein «hasselskog» av minimum 10 hasselstuer i klynge

Tekniske installasjonar

27. Alle overflater er permeable (bortsett frå universelt utforma gangvegar og tilkomstvegar)
28. Alle mjuke overflater skal tilstrekkelig jordsmonn for å kunneplante trær.
29. 1 m2 dam per 5 m2 harde flater i eit gardsrom
30. Heile hageanlegget er laga for å klara seg utan tilførsel av gjødsel
31. Alt overflatevatn som skal ledas bort, renner minimum 10 m opent i gardsrommet
32. Alt regnvatn frå bygg og harde flater samlas opp og gjenbrukas i gardsrommet
33. Alt gråvatn blir reinsa og gjenbrukas
34. Alt bygnadsmaterial som nyttas for å opparbeida gardsrommet er brukt før (belegg, gjerder, murar, møblar mm)
35. Minimum halve gardsrommet består av vatn
36. All handtering av overvatn skjer opent, og med naturlege forbilde for utforming og tilstøytande vegetasjon (ikkje betong og harde flater)
37. Handtering av overvatn skjer opent med stor variasjon i djupe, fall og utforming (dam/elv etc)
38. Alle tak i gardsrommet er kledd med grønt vekstdekke